



MØTEPROTOKOLL

Utval: Plan- og miljøutvalet
Møtestad: Rådhuset, Kantina
Dato: 18.08.2010
Tidspunkt: 12:30 – 18:15
Frå sak nr: 166/10 – 190/10

Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Representerer
Øystein Reidar Moldeklev	FRP
Unni Andersen Sæbø	UAVH.
Berit Dale Øgaard	KRF
Ståle Juvik Hauge	AP
Gunnar Reidar Stusdal	SP
Nina Bognøy	AP
Tore Svendsen	SV

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Representerer
Linda Opdal	FRP
Kjetil Melvær	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Repr.	Møtte for
Terese Østerbø	FRP	Linda Opdal
Berge Toppe	KRF	Kjetil Melvær

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Tor Hegle	Avdelingssjef
Sveinung Toft	Fagleiar
Einar Urheim	Fagleiar
Tove Mette Fyllingen	Sekretær

Diverse merknader:

Sak 181/10 vart handsama etter sak 170/10, sak 186/10 var handsama etter sak 175/10
Berge Toppe gjekk under handsaming av sak 186/10

Øystein Reidar Moldeklev
leiar

Tore Svendsen

Ståle Hauge

Saksnr	Innhald	
PS 166/10	Godkjenning av møteprotokoll frå 16.06.2010	
PS 167/10	Underskrift av dagens møteprotokoll	
PS 168/10	Delegerte saker frå 16.06.2010	
PS 169/10	Delegerte saker	
PS 170/10	Referat saker	
PS 171/10	Dispensasjonssak: Ny handsaming etter høyring Kai/flytebrygge Gbnr. 123/182 Risa	
PS 172/10	Klage på vedtak i delegert sak - tilbygg til bustad - Odd Helge Solberg - gbnr 125/56 – Kjeilen	<i>synfaring</i>
PS 173/10	Reguleringsplan for Haghaugen gnr.134 bnr.1 og 3 mfl. 2. gongs handsaming	<i>synfaring</i>
PS 174/10	Uttale til høyringsutgåva for trafikksikring i Hordaland 2010 - 2013	
PS 175/10	Framlegg til utbyggingsavtale for Alverflaten, delområdet KS1	
PS 176/10	Framlegg til utbyggingsavtale for Alverflaten, delområdet KS3 - godkjenning av avtale.	
PS 177/10	Dispensasjonssak: Gbnr. 177/36 Kjevikdalen avfallsplass omlastingsstasjon Nesse	
PS 178/10	Dispensasjonssak: forlenging av støttemur Gbnr. 234/44 Midtgård	
PS 179/10	Dispensasjonssak: bruksendring frå lager/garasje til garasje med anneks Gbnr. 110/9 Syslak	
PS 180/10	Dispensasjonssak: riving av fritidsbustad og oppføring av heilårsbustad Gbnr. 44/13 Skauge	
PS 181/10	Klage på dispensasjon for frådeling av bustadtomt i Gjervik - gbnr 188/6	
PS 182/10	Dispensasjonssak - flytebrygge - Sameiet Kalvetre - gbnr 108/540 - Lindås	
PS 183/10	Mindre endring av Hestegjerdet i reguleringsplan for Kolås III	
PS 184/10	Justert planprogram og forslag til kommundelplan for E39 Eikefet - Romarheim	
PS 185/10	Rullering av bustadbyggeprogram - val av medlemar til arbeidsgruppa	
PS 186/10	Områdeplan Lonelva - Juvikvarden, del av gnr 185 og 188 i Knarvik, ny første gongs handsaming	
PS 187/10	Klage på vedtak for reguleringsplan for Alverflaten gnr.137 bnr.70, 217, 333 m.fl.	
PS 188/10	Reguleringsplan for Sveene, gnr 24 del av bnr 3 m.fl. på Kløve Andre gongs handsaming	

PS 189/10 Endring av reguleringsplan for Mongstad industriområde, nordre del
Andre gongs handsaming

PS 190/10 Klage på vedteken plan - reguleringsplan Knarvik aust, del av gnr 188, Gjervik

PS 166/10 Godkjenning av møteprotokoll frå 16.06.2010

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Ingen merknader
Samrøystes

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Protokollen frå 16.06.2010

PS 167/10 Underskrift av dagens møteprotokoll

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Framlegg om Ståle Juvik Hauge og Tore Svendsen i tillegg til leiar
Samrøystes

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Ståle Juvik Hauge og Tore Svendsen er vald i tillegg til leiar.

PS 168/10 Delegerete saker frå 16.06.2010

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Ingen merknader
Samrøystes

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Meldinga er teken til orientering.

PS 169/10 Delegerete saker

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert å koma tilbake til i neste møte.
Samrøystes.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert tatt opp i neste møte.

PS 170/10 Referat saker

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Ingen merknader.
Samrøystes.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Meldinga er teken til orientering.

PS 171/10 Dispensasjonssak: Ny handsaming etter høyring Kai/flytebrygge Gbnr. 123/182 Risa

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet avslår med heimel i plan- og bygningslova av 1985 § 20-6 og pbl. § 17-2 søknad om dispensasjon frå kommuneplanen for etablering av kai og flytebrygge som omsøkt.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Alternativt vedtak

Plan- og miljøutvalet gjev i medhald av pbl § 7 dispensasjon frå kommuneplanen (§ 20-6) og §17.2 for etablering av kai og flytebrygge som omsøkt.

Som særlege grunnar vert rekna:

- Kai og flytebrygge ligg på ein tomt der nabotomt er regulert til naust i kommuneplanen
- Omsøkt område er ikkje eit naturleg ferdselsområde
- Omsøkt område er ikkje egna til bading/friluftsliv.

Rettil å klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 16.06.2010

Framlegg frå S.Hauge-Ap:

Saka vert utsett, utvalet ber om synfaring på staden.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (mot Opdal-Frp, Melvær-Frp og Moldeklev-Frp)

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 16.06.2010

Saka vert utsett, utvalet ber om synfaring på staden.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

Framlegg frå S.Hauge-Ap:

Rådmannen sitt framlegg alt.2 med endring:

Plan- og miljøutvalet gjev i medhald av pbl § 7 dispensasjon frå kommuneplanen (§ 20-6) og §17.2 for etablering av kai og flytebrygge som omsøkt.

Som særlege grunnar vert rekna:

- Kai og flytebrygge ligg på ein tomt der nabotomt er regulert til naust i kommuneplanen
- Kaien og flytebryggen vil etter tinglysing, som under, gjera det lettere og mei rattaktivt å bruka området for ålmenta.

Vilkår for dispensasjon er at ålmenta sin rett til å bruka kaien og flytebrygge på gbnr 123/24 tinglysast innan 6 mnd frå klagefrist er utløpt.

Rettil å klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Rådmannen sitt framlegg alternativ 1 fekk 1 røyst (T.Svendsen-Sv) og fall

Rådmannen sitt framlegg alternativ 2 fekk 1 røyst (Ø.Moldeklev-Frp) og fall

S.Hauge - Ap sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster (mot Ø.Moldeklev - Frp)

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Plan- og miljøutvalet gjev i medhald av pbl § 7 dispensasjon frå kommuneplanen (§ 20-6) og §17.2 for etablering av kai og flytebrygge som omsøkt.

Som særlege grunnar vert rekna:

- Kai og flytebrygge ligg på ein tomt der nabotomt er regulert til naust i kommuneplanen
- Kaien og flytebryggen vil etter tinglysing, som under, gjera det lettere og meir rattaktivt å bruka området for ålmenta.

Vilkår for dispensasjon er at ålmenta sin rett til å bruka kaien og flytebrygge på gbnr 123/24 og må tinglystast innan 6 mnd frå klagefrist er utløpt.

Retten til å klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

PS 172/10 Klage på vedtak i delegert sak - tilbygg til bustad - Odd Helge Solberg - gbnr 125/56 - Kjeilen

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen framsett i brev datert 14.04 og 20.04 og 05.05.2010, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd. Klagen vert ikkje teken til følgje.

Plan- og miljøutvalet vil halda fast på vedtaket i delegert sak datert 03.02.2010
I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

Klagen fører ikkje til utsett iverksetting av vedtaket etter forvaltningslova § 42

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 16.06.2010

Framlegg frå Frp, Krf og Sæbø:

Plan- og miljøutvalet utset saka, utvalet vil på synfaring i første møte etter ferien (august).

Framlegget vart vedteke med 5 røyster (mot Hauge-Ap, Bognøy-Ap, Vassdal-Sp og Svendsen-Sv)

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 16.06.2010

Plan- og miljøutvalet utset saka, utvalet vil på synfaring i første møte etter ferien (august).

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

Framlegg frå Ø.Moldeklev-Frp:

Saka vert utsett.

Utvalet vil ha ei oppmåling av bygget, om bygget er i samsvar med byggesøknad, til neste møte.

Framlegget fekk 5 røyster og vart vedteke (mot Hauge-Ap, Bognøy-Ap, Svendsen-Sv og Sæbø-Uavh.).

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett.

Utvalet vil ha ei oppmåling av bygget, om bygget er i samsvar med byggesøknad, til neste møte.

PS 173/10 Reguleringsplan for Haghaugen gnr.134 bnr.1 og 3 mfl.

2. gongs handsaming

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet tilrår med heimel i plan- og bygningslova sin § 12-12, at reguleringsplanen for Haghaugen gnr.134, bnr.1 og 3 mfl. og tilhøyrande føresegner datert 03.08.2010 vert godkjent på følgjande vilkår:

- plankartet vert endra i samsvar med illustrasjonsplan datert 29.06.2010
- arealføremålet for tilkomstvegane i feltet vert endra til privat fellesveg.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Ø.Moldeklev-Frp er ugild og var ikkje med under handsaming av denne saka, Nestleiar U.Sæbø-Uavh. leia møtet.

Framlegg frå T.Svendsen-Sv:

Endring i rådmannen sitt framlegg § 3.1.5." pulttak" tas ut av føresegnene.

Framlegg frå S.Hauge-Åp:

Rådmannen sitt framlegg med tillegg.

- Hillandsvegen vert stengt for bilkjøring i grense gbnr 134/298 og 257. Tomtane 134/228-270-273-175 skal knyttast til ny veg i Haghaugen mellom leikeplass og turdrag.
- Maksimalt antal bueiningar i området for frittliggjande einebustader § 3,1 i eige underpunkt, skal synleggjerast med antal bueiningar.

Rådmannen sitt framlegg utan strek pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå T.Svensen fekk 6 røyster (mot Øgaard-Krf og Toppe-Krf)

Framlegg frå S.Hauge fekk 7 røyster (mot Toppe-Krf)

Innstilling i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Plan- og miljøutvalet tilrår med heimel i plan- og bygningslova sin § 12-12, at reguleringsplanen for Haghaugen gnr.134, bnr.1 og 3 mfl. og tilhøyrande føresegner datert 03.08.2010 vert godkjent på følgjande vilkår:

- plankartet vert endra i samsvar med illustrasjonsplan datert 29.06.2010
- Hillandsvegen vert stengt for bilkjøring i grense gbnr 134/298 og 257. Tomtane 134/228-270-273-175 skal knyttast til ny veg i Haghaugen mellom leikeplass og turdrag.
- Maksimalt antal bueiningar i området for frittliggjande einebustader § 3,1 i eige underpunkt, skal synleggjerast med antal bueiningar.

§ 3.1.5." pulttak" tas ut av føresegnene.

PS 174/10 Uttale til høyringsutgåva for trafikksikring i Hordaland 2010 - 2013

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune krev at Hordaland fylkeskommune sin handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2010 – 2013 vert konkretisert meir i fordelinga over midlar til fysiske tiltak i planperioden. Handlingsplanen bør innehalde konkrete tiltak basert på kommunane sine eigne trafikksikringsplanar.

Alternativt så må kommunane takast med i prosessen kvart år i samband med fastsetjinga av Planleggings- og byggeprogrammet. Dette bør presiserast i plandokumentet.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

PS 175/10 Framlegg til utbyggingsavtale for Alverflaten, delområdet KS1

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet godkjenner at framlegg til utbyggingsavtale for Alverflaten, delområdet KS1 a/b, mellom Optibo AS og Lindås kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn etter reglane i plan- og bygningslova § 17-4.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

PS 176/10 Framlegg til utbyggingsavtale for Alverflaten, delområdet KS3 - godkjenning av avtale.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Utbyggingsavtale for Alverflaten, delområdet KS3, mellom Lindås kommune og Alverflaten 70 AS vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

PS 177/10 Dispensasjonssak: Gbnr. 177/36 Kjevikdalen avfallsplass omlastingsstasjon Nesse

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i pbl §19-2 jfr.12-4 , og med tilvisning til grunngeving i saksvurderinga, vert det gjeve dispensasjon frå føresegnene til gjeldande reguleringsplan slik at tiltaket kan verte oppført som omsøkt. Dispensasjonen vert gjeve på vilkår at det må leggjast plan for vidareføring korleis fyllingsarealet skal utformast i plan, snitt og oppriss. Planen skal godkjennast før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket.

I samsvar med plan- og bygningslova § 15 vert saka sendt til Justis- og forvaltningsavdelinga ved fylkesmannen til endeleg avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

**PS 178/10 Dispensasjonssak: forlenging av støttemur Gbnr. 234/44
Midtgård**

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan-og bygningslova § 19-2 og grunngjeving i saksvurderinga, vert det dispensert frå § 11-6 (verknad av kommuneplanen) for forlenging av støttemur med ca. 15 meter.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

**PS 179/10 Dispensasjonssak: bruksendring frå lager/garasje til garasje med
anneks Gbnr. 110/9 Syslak**

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan - og bygningslova §19-2 og grunngjeving i saksvurderinga, vert det dispensert frå § 11-6 (kommuneplanens arealdel) for bruksendring frå frå lager/garasje til garasje med anneks.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

**PS 180/10 Dispensasjonssak: riving av fritidsbustad og oppføring av
heilårsbustad Gbnr. 44/13 Skauge**

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan-og bygningslova § 19-2 og grunngjeving i saksvurderinga, vert det dispensert frå § 11-6 (kommuneplanen) for riving av fritidsbustad og oppføring av heilårsbustad med garasje. Vilkår frå fylkesmannen i e-post av 08.06.10 må takast vare på.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

PS 181/10 Klage på dispensasjon for frådelling av bustadtomt i Gjervik - gbnr 188/6

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Klagene vert tekne til følgje, og plan- og miljøutvalet sitt vedtak av 5.5.2010 vert med dette oppheva. Samstundes vert administrativt vedtak av 27.11.2009 om avslag på søknad om dispensasjon i medhald av pbl § 7 og avslag på søknad om deling i medhald av pbl § 93 1. ledd h) med dette oppretthalde.

Saka vert i medhald av pbl § 15 sendt Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Alternativt vedtak:

Klagene vert tekne delvis til følgje, ved at det i medhald av pbl § 7 vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplan Knarvik-Alversund for frådelling av ei bustadtomt og oppføring av bustad på følgjande vilkår:

- Tomtesgrensa vert trekt som vist i kart i vedlegg A, datert 19.4.2010.
- Byggjegrænse vert sett som vist i kart i vedlegg A, datert 19.4.2010.
- Alle byggetiltak må ligge under siktlinja i snitt 2 i vedlegg C, datert 19.4.2010, og maks monehøgde vert sett til kote 82.

Særlege grunnar for dispensasjon:

Parsellen er ikkje eigna til jordbruk. Frådellinga fører til fortetting av området. Det er rikeleg med grøntdrag i området. Høgdedraget vert ivareteke som buffersone.

Saka vert sendt partane i saka med informasjon om klageretten.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Utdelt i møtet:

Bjørgvin bispedømeråd – Knarvik kyrkjegård, trekker klage.

Lindås kyrkjelege fellesråd – fråfall av klage frådelling gbnr 188/6

E-post frå kyrkjeverje Åge Clausen, trekker klage.

Saka vert trekt då Bjørgvin bispedømeråd og Lindås kyrkjelege fellesråd trekker klage i saka.

Framlegget vart vedteke mot 2 røyster (S.Hauge-Ap og T.Svendsen-Sv).

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka er trekt.

PS 182/10 Dispensasjonssak - flytebrygge - Sameiet Kalvetre - gbnr 108/540 - Lindås

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan-og bygningslova § 19-1 jf § 19-2 og grunngeving i saksvurderinga, vert det dispensert frå § 12-4 (reguleringsplan) for flytebrygge på følgjande vilkår:

Bergen og Omland havnevesen sine krav i vedtak 18.03.10 skal vera oppfylt.

Vedtaket vert sendt Bergen og Omland havnevesen, Hordaland fylkeskommune og fylkesmannen (miljøvern) til klagevurdering med 3 veker klagefrist.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

PS 183/10 Mindre endring av Hestegjerdet i reguleringsplan for Kolås III

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

I medhald av § 12-14 i plan- og bygningslova vert mindre endring av Hestegjerdet i reguleringsplan for Kolås III sist datert 25.03.10 godkjent.

Reguleringsendringa skal liggja føre i SOSI- format 4.2 og må arbeidast inn i Kolås III planen før løyve til utbygging vert gjeve.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

PS 184/10 Justert planprogram og forslag til kommundelplan for E39 Eikefet - Romarheim

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i § 4-1 og § 11-13 i plan- og bygningslova godkjenner plan- og miljøutvalet at justert planprogram for E 39, vegstrekkja Eikefet – Romarheim datert mars 2010 vert godkjent.

I medhald av § 11-14 i plan- og bygningslova vedtek plan- og miljøutvalet å leggja framlegg til kommundelplan med konsekvensutgreiing for E 39, vegstrekkja Eikefet – Romarheim ut i alt. 0+, alt. 1, alt. 2, alt. 5-1, og alt. 8 til offentleg ettersyn.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

PS 185/10 Rullering av bustadbyggeprogram - val av medleamar til arbeidsgruppa

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Frå plan- og miljøutvalet vertvald som medlem ogsom varamedlem

Frå levekårsutvalet vert vald som medlem ogsom varamedlem

Frå formannskapet vertvald som medlem ogsom varamedlem

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

PS 186/10 Områdeplan Lonelva - Juvikvarden, del av gnr 185 og 188 i Knarvik, ny første gongs handsaming

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet legg, i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10, framlegg til områdeplan for Lonelva - Juvikvarden del av gnr 185 og 188, Knarvik til offentleg ettersyn. Før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, skal følgjande leggjast inn i plankartet:

- Eit alternativ anlegg for fjernvarmeanlegg, lagt nordaust i Juvikvarden friområde. Arealet skal vere om lag 1 mål.
- Parkeringsplassen ved kyrkja må synleggjerast med arealbruksføremål.
- Område Fri 4 må omtalast i føresegna under grøntanlegg

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Nytt framlegg frå rådmannen vart lagt fram i møtet:

Plan- og miljøutvalet legg, i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10, framlegg til områdeplan for Lonelva – Juvikvarden, del av gnr 185 og 188 Knarvik, til offentleg ettersyn.

Før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, skal følgjande leggjast inn i plandokumenta:

- Ny byggegrense for kyrkja i felt T9 som presentert i møtet 18.08.2010
- Endring i føresegna punkt 3.4.9: Maksimal byggehøgde vert endra frå kote 75 til kote 80
- Tillegg til føresegna, punkt 3.4.9: Veg-, trapper, gang- og sykkeltilkomst kan etablerast utanfor byggegrensa. Ved inngangen til kyrkja vil det og vere mogleg å etablere ein mindre møteplass. Dei nemnde tiltaka må synleggjerast i utomhusplan og rammesøknad, og tilpassast dei omkringliggjande areala.

Framlegg frå S.Hauge-Ap:

1.

Administrasjonen påleggast å utgreia behovet for foreslåtte aktivitetar i T 13. Arealbehovet skal synleggjerast som eit snitt av samanliknande kommunar (KOSTRA). Behov utgreiinga skal innehalda prioriterte aktivitetar etter vedtak i Lindås kommune. Skal leggjast fram for plan- og miljøutvalet før 2.gongs handsaming.

2.

T 4 arealet aukast slik at arealkrav til areal for barneskule oppfyllast. Areal vert teke frå T 13.

3.

Byggegrense for kyrkjebygg vert behalde som vist i plankart dat. 11.08.2010 plan id 1263-2009904.

4.

Det skal utarbeidast KU (konsekvensutgreiing) for heile planområdet

Framlegg nr. 1 vart samrøystes vedteke.

Framlegg nr. 2 vart vedteke mot 1 røyst (Øgaard-Krf)

Framlegg nr. 3 vart vedteke mot 1 røyst (Øgaard-Krf)

Framlegg nr. 4 fekk 4 røyster (Hauge-Ap, Bognøy-Ap, Svendsen-Sv og Stusdal-Sp) og fall med leiar sin dobbelrøyst.

Framlegg frå Ø.Moldeklev-Frp:

Rådmannen sitt opphavlege framlegg (som i sakspapira)

Plan- og miljøutvalet legg, i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10, framlegg til områdeplan for Lonelva - Juvikvarden del av gnr 185 og 188, Knarvik til offentleg ettersyn. Før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, skal følgjande leggjast inn i plankartet:

- 2 alternative anlegg for fjernvarmeanlegg.
- Parkeringsplassen ved kyrkja må synleggjerast med arealbruksføremaal.
- Område Fri 4 må omtalast i føresegna under grøntanlegg

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg som vart lagt fram i møtet (18.08.2010)

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Plan- og miljøutvalet legg, i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10, framlegg til områdeplan for Lonelva - Juvikvarden del av gnr 185 og 188, Knarvik til offentleg ettersyn. Før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, skal følgjande leggjast inn i plankartet:

- 2 alternative anlegg for fjernvarmeanlegg.
- Parkeringsplassen ved kyrkja må synleggjerast med arealbruksføremaal.
- Område Fri 4 må omtalast i føresegna under grøntanlegg

Administrasjonen påleggast å utgreia behovet for foreslåtte aktivitetar i T 13.

Arealbehovet skal synleggjerast som eit snitt av samanliknande kommunar (KOSTRA).

Behov utgreiinga skal innehalda prioriterte aktivitetar etter vedtak i Lindås kommune.

Skal leggjast fram for plan- og miljøutvalet før 2.gongs handsaming.

T 4 arealet aukast slik at arealkrav til areal for barneskule oppfyllast.

Areal vert teke frå T 13.

Byggegrense for kyrkjebygg vert behalde som vist i plankart dat. 11.08.2010 plan id 1263-2009904.

PS 187/10 Klage på vedtak for reguleringsplan for Alverflaten gnr.137 bnr.70, 217, 333 m.fl.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet viser til saksutgreiinga ovanfor og kan ikkje sjå at det i klagen stempla motteke 24.06.2010 ligg føre nye moment som skulle tilseia endring av vedtaket gjort i kommunestyret.

Utvalet heldt difor fast på kommunestyret sitt vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplanen for Alverflaten gnr. 137 bnr. 70 m.fl. i sak 42/10 i møte 22.04.2010.

Klagen er ikkje gjeve utsetjande verknad.

I samsvar med plan- og bygningslova sin § 1-9 vert saka sendt fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

PS 188/10 Reguleringsplan for Sveene, gnr 24 del av bnr 3 m.fl. på Kløve

Andre gongs handsaming

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 27-2.1, vert privat reguleringsplan for Sveene gnr 24 del av bnr 3 m fl, med kart sist revidert 20.05.10 og føresegner sist revidert 22.06.10 vedteken på følgjande vilkår.

1. Kartet må rettast opp på følgjande punkt, sjå kart endra av Lindås kommune 28.06.10:
 - a. Felles leikeområde FL2 på minimum 0,5 daa må leggjast inn nedanfor B1 og B2 i F3.
 - b. Mønehøgde for tomt 3 og 4 i B7 skal senkast til kote 69.
2. Kartet må oversendast kommunen i feilfri SOSI-format.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

PS 189/10 Endring av reguleringsplan for Mongstad industriområde, nordre del

Andre gongs handsaming

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 27-2.1, vert privat reguleringsplan for Mongstad industriområde, nordre del, med plankart sist revidert 24.06.10 og føresegner sist revidert 24.06.10 vedteken. Kartet på rettast opp i høve oppdaterte eigedomsgrensar, og sendast over til kommunen i SOSI-format.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

PS 190/10 Klage på vedteken plan - reguleringsplan Knarvik aust, del av gnr 188, Gjervik

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet finn ikkje grunnlag for å endra kommunestyret sitt vedtak i sak 31/10 av 22. april 2010. Utvalet heldt fast på kommunestyret sitt vedtak om eigengodkjenning.

Klagen vert sendt fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 18.08.2010

Saka vert utsett til ekstramøte 25.08.2010